

---

**Saknr:** 2020/49456-1  
**Saksbehandlar** Arnt Ola Fidjestøl  
**Dato:** 30.04.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering 19.05.2020  
Fylkesutvalet  
Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannenl

---

## Framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i heile Vestland fylke

### Bakgrunn:

Fylkestinget gjorde i møte 17. desember 2019 følgjande vedtak i tilknytning til vedtak om tilslutnad til kommunearkivordninga for Vestland kommunalt oppgåvefelleskap (Vestland KO):

«Fylkestinget ber prosjektleiar kome attende med sak om framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i heile Vestland fylke til juninget 2020.»

### Arbeidet så langt:

Daglig leiar i kommunearkivordninga for Vestland KO, Arnt Ola Fidjestøl, tok i slutten av desember 2019 initiativ til eit oppstartsmøte i Bergen.

23. januar vart første møte helde. Her deltok leiarane frå Bergen Byarkiv, IKA- Hordaland IKS og Kommunearkivordninga for Vestland KO. Føremålet var å avklare korleis ein skulle gå fram i å førebu saka til Fylkestinget 4 juni.

I møte vart ein samde om at framtidig organisering og samarbeid skulle ta utgangspunkt i fyljande konsept:

*0 minus-konseptet.* Oppløysing av eksisterande ordningar gjennom at kommunar melder seg ut.

*0-konseptet, eller samarbeidskonseptet.* Her er organisasjonsform og organisering av arkivinstitusjonane som no, men ein greier ut kva tenester og områder ein kan samarbeide om.

*1 pluss-konseptet, eller ny organisasjonskonseptet.* Her vert det oppretta ein ny arkivinstitusjon ut i frå ei felles organisasjonsform der deltakarkommunane kan melde seg inn. Samstundes løyser ein då opp dei eksisterande organa

12 februar kalla fylkesdirektøren for Kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune inn til eit nytt møte. Her deltok i tillegg til Fylkesdirektøren, leiarane frå dei tre arkivinstitusjonane, styreleiar frå Kommunearkivordninga for Vestland KO samt styreleiar og nestleiar frå IKA-Hordaland IKS.

I møte vart målsetjinga, vidare arbeid, samt dei ulike konsept drøfta. Ein vart her samde om ei målsetjing om å løyse utfordringane knytt til gjennomføring av arkivlova sine intensjonar og forskrifter for samtlige kommunar i Vestland fylke på ein effektiv og rasjonell måte. Det var på dette møte også semje om ein visjonen om at Vestland som region skal framstå i fremste rekke i

nasjonal samanheng i forvaltninga av arkiv som administrative, rettslige, historiske og kulturelle kjelder.

På møtet vart konseptet frå møtet 23. januar drøfta vidare.

Det var semje om at det i første rekke er viktig å ta stilling til organisasjonsform. Uansett val av organisering vil det vere naudsynt og viktig med samarbeidsløysingar, både mellom kommunar og andre aktørar.

0 minus - konseptet medfører i praksis ei fragmentering av arkivtilnærminga. Der ein kommunar melder seg ut av dei eksisterande ordningane og handterer dei arkivfaglege oppgåvene innanfor eigen organisasjon eller i samarbeid med nokre frå kommunar. Dette er eit konsept som vil vere naturleg å følgje dersom til dømes det eksisterer misnøye med dei eksisterande ordningane. Sidan ingen av dei eksisterande institusjonane opplever ei slik misnøye, ser ein det som lite sannsynleg at dette er eit konsept ein kjem til å arbeide vidare med i denne samanhengen. Ein lyt vere merksam på at dette konseptet likevel kan bli ein realitet dersom ein ikkje lukkast med eit av dei andre konseptet.

0-konseptet der ein held fram med noverande organisering og organisasjonsform er det konseptet som vil vere det minst omfattande. Ein vil då sjå på om ein kan løyse dei noverande og framtidige løysingane på ein god måte gjennom å samarbeide om tenester på ein måte som gjer at ein oppnår målsetjingane om leveransar og å framstå mest mogeleg sømlaust for brukarane.

1 pluss-konseptet eller ny organisasjonskonseptet. Konseptet krev ein grundig gjennomgang og ei sterk forankring i dei eksisterande ordningane. Ein må forsikre seg at alle kommunar er tent med den nye måten å organisere seg på og at det nye organet ivaretek målsetjingane om ein sterk og god forvaltar av arkiva og den immaterielle kulturarven i regionen Vestland. Dei organisasjonsformene som det på det noverande tidspunkt ligg nærast er forankra i anten IKS-lovgjevnaden eller Kommuneleva sin paragraf 19 som kommunalt oppgåvefelleskap.

#### **Korona situasjonen**

Den 16. mars kom nedstenginga av samfunnet i samband med Koronapandemien. Dette har ført til at det har vore umogeleg å få på plass ein sluttrapport som er tilstrekkeleg forankra i dei styrande organa i de ulike kommunale arkivinstitusjonane.

Saka vert difor lagt fram som ei referatsak med mål om at ein vil følgje den opp så snart situasjonen med Korona tilet det